

Holen nordre i Rudsbygden (gnr. 142)

Holen: Gardnamn som kjem av naturnamnet holl, ein låg og lang haug; ein hole kan i bygdemålet og tyde ei grasslette mellom skog og bergpallar. Både den ubundne forma hole og den bundne holen vart tidleg vanlege gardsnamn. Berre i Fåberg har det vore tre Holen-gardar: grn. 86, 141 og 142. Ein merker seg at i 1415 var det i Rudsbygden både ein Holen nordre og søre. Om desse to var av same opphavsgarden er truleg, men ikkje visst.

Grn. 142 Holen er i eldre skrivne kjelder nemnt i eit diplom av 1415. To namngitte menn, Sindre Thorgylsson og Asmunder Palsson gjer kunnig at dei har hørt at den gamle skyld av "nordre Holen ved Blekiene" var 2 spand smør om året til "prestenom a Fagabergie". I år 1578 er gardnamnet skrive Hoell, og den årlege landskyld som da var ½ hud, vart framleis svara til "Faberrig Prestebollig". "Hoell" er namnet skrive og i 1604, og korntienda av garden vart da utreidd med ei ½ tønne, som altså vara til ei årsavling på 5 tønner. Tjuge år seinare var i 1624 Amund Hollenn brukar på garden, som da er ført i gruppa for "Ødegaarder". Amund heitte og brukaren i "Hoellen" i 1645. Han betalde da den utlikna ekstraskatten Kopskatten 1645 for seg og kona si med 1 mark i pengar. Av 12 år seinare er ekstraskatten kvegs skatten 1657. I registret over den er det fortalt at buskapen i Hoellen da var 1 hest, 6 naut, 5 geiter og 6 sauer.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Hoelen" fortalt at landskylda av garden var høgda til 1 hud, og at husbonden Amund som da brukte garden, sjølv var både eigar og brukar. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 8 naut, og korntienda vart utreidd med 1 tønne, som altså svara til ei årsavling på 10 tønner. Om enga, innmarka er det oppgitt at den var "Ringe, Kand ej videre Rødis". Men Holen hadde alt da seter og sommarbeite for krøtera på "Støelen Setter". Vidare er det og opplyst at det var ein liten humlehage i Holen. Frå 10 år seinare går det fram at "Powell Hoelen" var brukar på garden og at Holen da var "Ryttergaard".

Fleire nyare opplysningar kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om grd. Hoelen fortalt at oppsittaren i den tid heitte Amund Poulsen, og at han sjølv var jordeigande bonde av alt Holen. Buskapen hadde auka og var da 1 hest, 12 naut og 16 sauer, og den årlege utsæd var omkring 2 ½ tønne bygg. Vidare er det om garden fortalt at Hoelen ligg i sollia og er lettbrukt. Jordarten der er god, og det var da skog til brenneved og gjerdefang. Frå same året, altså 1723, er og eit pantebrev der Amund Poulsen Hoelen pantset til Gudmund Knudsen Fløgstad "sin paaboende gaard Hoelen" for lån av 63 rd. mod årlig rente 5%.

Amund Poulsen var eigar og brukar av Holen i Rudsbygden av skyld 1 hud til 1747. Da skjøta han garden til Amund Bentsen Gustum for kjøpesum 200 rd. + føderåd til seljaren med hustru for resten av levetida. Samtidig kjøpte og ungkar Amund Bentsen Gustum ved skjøte frå Thord og Amund Thordsønner Blegen "Ødegaarden Holen liggende straks ved gaarden Hoelen i Faaberg skyldende 1 hud med bøxel for sum 240 rd." – Men tre år seinare skjøta i 1750 Amund Bentsen Øfstedahl (som han da skreiv seg) odels garden Holen tilbake til odelsarvingen Amund Paulsen Holen for same kjøpesum som i 1747, altså 200 rd. – I samband med denne handelen lånte Amund Poulsen Hoelen 100 rd. av Ole Engebretsen Ellingsberg og 110 rd. av Engebret Olsen Ellingsberg til saman 210 rd. mot årleg rente 5% og pant i grd. Hoelen av skyld 1 hud. – Så å seia samtidig gav og Amund Bentsen Øfstedahl skjøte til Christen Hansen Gruen og Ole Larsen Land på "hans eiende slotødegaard Holen skyldende 1 hud og beliggende ved gaarden Holen i Faaberg for sum 240 rd." Det er opplyst at kring 1723 kunne dei hauste 30 sommarlass høy på denne slåttøgarden Holen.

Amund Poulsen Hoelen brukte så ættegarden Hoelen til i 1753. Da skjøta han grd. holen av skyld 1 hud til Engebret Olsen Ellingsberg og arvingar for kjøpesum 300 rd. og føderåd til seljaren Amund Poulsen og hustru. – Men etter atter 3 år skjøta Engebret Olsen Ellingsberg

garden Holen tilbake, men da til Poul Amundsen Holen og arvingar også for kjøpesum 300 rd. Det er da oppgitt om garden Holen at den var ”Poul Amundsens sande odel”.

I år 1761 er det elles opplyst at Poul Amundsen Holen hadde gifta seg med pike Lisbet Christensdr., og at dei i 1762 fekk sonen Amund og i 1763 sonen Christen. Men i 1765 hadde Poul Amundsen flytt til Nygard i Saksumdalen, og han gav da skjøte til Ole Olsen Torgersrud, Peder Thorgersen Smedrud og Lars Olsen Land på ”gaarden Hohlen av skyld med bøkse og herlighet 1 hud og beliggende i Faaberg prestegjelds hovedsogn for sum 700 rd.” – Tre år seinare selde i 1768 Ole Torgersrud og Peder Thordsen Simenrud 8 skinn i grd. Holen til Lars Olsen Lunde og Gudmund Pedersen Houm for sum 466 rd. – Den nye eigaren Gudmund Pedersen flytte til og budde i Holen. Men etter nye fire år skjøta så i 1772 Gudmund Pedersen Holen skjøte på sin part av Holen, Holen av skyld 6 skinn til Ole Olsen for kjøpesum 420 rd. Kjøpar Ole Olsen hadde så denne parten av Holen til 1775. Da skjøta han garden til broren Peder Olsen land for sum 420 rd. - Peder Olsen hadde framleis garden i 1780. Han lånte da 219 rd. av ”Faabergs kirkeejere som er samtl. Almue”, og lånevilkåra var ”at svare lovlige renter 4% og 1 pr. pant i 6 skind i hans eiende gaard Hoelen i Rustebygden til Faaberg prestegjeld”.

Men i 1798 hadde Kari Larsdr. Holen vorte enke, og ho gifta seg da oppatt med Amund Andersen frå Gausdal.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da ein familie i Holen. Dei var: 1. Amund Andersen, husbonden, 37 år, 2. Kari Larsdr., kona hans, 38 år, 3. Anders, son deres, 1 år, 4. Christian Olsen, tenestekar, 18 år.

Same året, altså 1801, døde husmora Kari Larsdr., og det var arveskifte på ”Holen i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordgodset i skiftebuet, Holen av skyld 1 hud, verdsett til 700 rd., og arvebuet utgjorde brutto 905 rd. og netto 408 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Amund Andersen det einaste barnet i ekteskapet, vesle Anders, som da var 1 år. – Amund Andersen budde visstnok på Holen også i 1802. Han gav da kvittering til Overformynderiet for arven på 204 rd. for sin avdøde son Anders Amundsen.

Faren Amund Andersen gifta seg i 1802 oppatt med Mari Hansdr. Skjeggstad, og året etter gav i 1803 Jacob Engebretsen Ellingsberg på vegne av slekta odelsskjøte til den daverande eigar og brukar av garden, Amund Andersen, for sum 499 rd.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Holen ved Bleikje fortalt at buskapan av store husdyr i den tid var 1 hest og 10 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 30 tønner.,

Men atten år seinare var i 1837 også husmora Mari Hansdr. død, og det var atter skifte på Holen i Faaberg. Ved dette skiftet var jordegodset grd. Holen ikkje medregistrert i arvebuet, som brutto utgjorde 72 rd. og netto 67 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Amund Andersen dei fem borna i ekteskapet. Om dei er det opplyst at dottera Sophie Amundsdr. Da var gift med Gudbrand Holen, og at søstera Karen Amundsdr. Var gift med Peder Hond. Dessutan var søstera Anne 28 år og søstera Sigrid var 25 år, og søstera Helene var 20 år, alle ugifte.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskylda i huder og skinn skifta ut i ei matrikkel skyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. – Garden Holen nordre fekk da som si nye skyld: 3 skylddalar 16 skilling, men da var det svigersonen Gudbrand Christensen som hadde tatt over og var eigar og brukar av Holen. Året etter døde den gamle husbonden Amund Andersen, og det var atter skifte på garden. Ved dette skiftet er elles mannen til dottera Karen Amundsdr. kalla Peder Flugsrud.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nye opplysningar om gardane. Der er det om løpenr. 99 Holen fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid utgjorde 127 mål, og av dette var 41 ½ mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet var: 1 hest, 10 storfe og 9 småfe, og at utsæden det same året

var 3 ½ tønne korn og 2 tønner settepoteter. Vidare er det og opplyst at det låg ein husmannsplass med brukande jord til grd. Holen.

To år seinare var det i 1867 skylddelingsforretning og plassen Rundhaugen eller Holshaugen vart fråskilt garden og selt til sonen Christen Gulbrandsen for kjøpesum 200 rd. Ti år seinare selde elles Christen Gudbrandsen bruket vidare til broren Mathias Gudbrandsen for kjøpesum kr. 1000.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Holen i Rudsbygd fekk da som nytt matrikelnummer nr. 142 av samla skyld 5,62 mark, og det var da to bruksnr. under gardsnr. 142. Det var: 1. Grnr. 142, brnr. 1 Holen av skyld 5,06 mark, som Anders Gudbrandsen da var eigar og brukar av, b. brnr. 2 Rundhaugen (Holshaugen), skyld 0,56 mark, som Mathias Gudbrandsen var eigar og brukar av.

Av handlar med Holen og/eller parsellar av garden i seinare tid tek vi eller med at i 1908 overtok Mathias Gudbrandsen og brnr. 1 Holen for kjøpesum kr. 12 000, og i 1911 vart ein parsell brnr. 3 "Holens Kjølskog" skyldsett ifrå. Vidare vart i 1912 parsellen brnr. 4 Engen skyldsett ifrå og selt av Mathias Holen til Gunvald M. Holen saman med brnr. 2 for tilsm. kr. 3000. Vidare overtok så i 1922 sonen Oluf Holen garden etter faren Mathias Holen.

Etter dette var det ved jordbruksregistrering av 1939 eitt bruk under grn 142 og 141 med eit samla jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 142, 141, brn. 1, 2 Holen med eit jordbruksareal på ca. 90 mål, som Oluf Holen var eigar og brukar av.